



Luster kommune  
Planomtale: Reguleringsplan Dale sentrum

Utgåve: R03  
Dato: 23.11.2016

---

**DOKUMENTINFORMASJON**

Oppdragsgjevar: Luster kommune  
Rapportnamn: Planomtale: Reguleringsplan Dale sentrum  
Utgåve/dato: R02/2016-06-03\_R01 / 2016-05-27 \_R03 / 23-11-2016  
Arkivreferanse: -

Oppdrag: 605381 – 01 Reguleringsplan Dale sentrum  
Oppdragskildring: Reguleringsplan for sentrumsområde Dale i Luster  
Oppdragsleiar: Hilde Ruud  
Fag: Landskap  
Tema: Reguleringsplan  
Leveranse: Analyse

Skriven av: Hilde Ruud  
Kvalitetskontroll: Nils Husabø

Asplan Viak AS [www.asplanviak.no](http://www.asplanviak.no)

---

## FØREORD

Asplan Viak har vore engasjert av Luster kommune for å utarbeide reguleringsplan for Dale sentrum i Luster. Torunn Løne Vinje har vore Luster kommune sin kontaktperson for oppdraget. Arne Lerum har også delteke i arbeidet. Det er halde møte med vegvesenet undervegs for å drøfte vegstandard og løysing kring busshaldeplass.

Hilde Ruud har vore oppdragsleiar for Asplan Viak. Nils Husabø har vore kvalitetssikrar. Elles har Even Gjerløw vore ansvarleg for veggeometri og Kjell Arne Valvik for kulturminne.

Leikanger, 23.11.2016

Hilde Ruud  
Oppdragsleiar

Nils Husabø  
Kvalitetssikrar

**INNHALDSLISTE**

<b>1</b>	<b>Bakgrunn .....</b>	<b>5</b>
1.1	Føremålet med planen .....	5
<b>2</b>	<b>Planprosess og medverknad.....</b>	<b>6</b>
<b>3</b>	<b>Planstatus og tilhøve til gjeldande planar .....</b>	<b>6</b>
3.1	Nasjonale føringar til kommunal planlegging .....	6
3.2	Lokale føringar .....	7
<b>4</b>	<b>Dagens situasjon.....</b>	<b>8</b>
4.1	Trafikk og arealbruk.....	9
4.2	Landskap .....	10
4.3	Naturmiljø.....	10
4.4	Kulturmiljø .....	11
4.5	Grav- urnelund .....	13
4.6	Friluftsliv .....	16
4.7	Grunntilhøve .....	16
4.8	Faresonekart.....	16
<b>5</b>	<b>ROS-analyse .....</b>	<b>17</b>
<b>6</b>	<b>Skildring av planframlegget .....</b>	<b>17</b>
6.1	Planlagt arealbruk .....	17
6.2	Trafikksystem .....	19
6.3	Overvasshandtering .....	22
6.4	Universell utforming.....	22
6.5	Bygningar og anlegg .....	23
6.6	Grav- og urnelund .....	23
6.7	Grøntstruktur .....	23
6.8	Friluftsområde i sjø med tilhøyrande strandsone og småbåthamn.....	24
6.9	Byggegrense og omsynssoner m.m .....	24
<b>7</b>	<b>Verknadar av planframlegget .....</b>	<b>24</b>
7.1	Landskap .....	24
7.2	Naturverdiar .....	25
7.3	Kulturmiljø .....	25
7.4	Nærmiljø og friluftsliv.....	25
7.5	Grav- og urnelund .....	25
7.6	Naturmangfaldslova .....	26
<b>8</b>	<b>Innkomne merkander til melding om oppstart .....</b>	<b>26</b>
<b>9</b>	<b>Avsluttande kommentar.....</b>	<b>29</b>
<b>10</b>	<b>Kjelder.....</b>	<b>29</b>
<b>11</b>	<b>Vedlegg.....</b>	<b>29</b>



# 1 BAKGRUNN

Asplan Viak har vore engasjert av Luster kommune for å utarbeide ein detaljreguleringsplan for Dale sentrum. Det aktuelle planområdet strekker seg frå Jokerbutikken /Lustrabui til Luster oppvekstsenter (1-7 klasse) med tilgrensande areal.

Detaljreguleringsplanen med tilhøyrande planomtale, føresegner og ROS-analyse er utarbeidd i samsvar med § 12-3, § 4-2 og § 4-3 i plan- og bygningslova. Planen skal legge rammer og føringar for utviklinga av området.



Figur 1: Flyfoto over viser planområdet lokalisert med stipla strek, flyfoto henta frå [www.kommunekart.com](http://www.kommunekart.com).

## 1.1 Føremålet med planen

Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for trafikale løysingar langs Fv 55 for å få tryggare forhold for gåande og syklistar. I tillegg skal det leggjast til rette for stopp-plass for lokal- og skulebuss samt bussoppstilling for turistbussar, ryddig tilkomst og parkeringssituasjon for butikk og båthamn samt legge til rette for friområde med tilhøyrande strandsone.

## 2 PLANPROSESS OG MEDVERKNAD

I samsvar med Plan- og bygningslova § 4-1 og § 12-9 er det utarbeidd planprogram for planområdet. Dette vart utarbeidd av kommunen, datert 27.07.2011, og godkjent i sak 11/1973 den 26.09.2011. Som ein del av planprogrammet vart det utarbeidd ei enkel konsekvensvurdering, 'Konsekvensvurdering: Dale sentrum.' Bakgrunn for krav om planprogram var at planarbeidet ikkje var heimla i arealdelen til kommuneplanen. Planprogrammet vart lagt ut til offentleg ettersyn.

Samstundes med planprogrammet vart det varsla om oppstart av planarbeidet. Kunngjering av planprogram var 30.07.2011 med m.a. lysing i Sogn Avis, brev til offentlege høyringspartar, naboar /grunneigarar. Frist for å koma med innspel var 17.09.2011. Alle innkomne merknader er vurdert og kommentert, sjå 'Innkomne merknader til melding om oppstart.'

I samband med Asplan Viak sin oppstart av Reguleringsplan Dale sentrum, er det halde oppstartsmøte med kommunen, 04.02.2016. Planen er i samsvar med føringane i gjeldande reguleringsplan og planleggingsprogrammet for Luster kommune. Planen treng såleis ikkje handsamast etter forskrift om konsekvensutgreiing, men det blir sett på konsekvensar for planframlegget i planomtala.

Same ettermiddag som det vart halde oppstartsmøte mellom konsulent og kommunen, vart det halde folkemøte på Dale oppvekstsenter. Området vart synfart av konsulent i forkant av folkemøtet.

**Sjå punkt 8 for oppsummering av innkomne merknader til planoppstart.** Det kom inn 7 merknader som gjeld planområdet som no vert lagt fram. I tillegg har eigar av butikken hatt dialog med Statens vegvesen angående den trafikale situasjon på framsida mot vegen. Brev frå statens vegvesen, SVV, ligg vedlagt.

Oppsummert er det ikkje kome inn merknader som har spesiell innverknad for planarbeidet.

## 3 PLANSTATUS OG TILHØVE TIL GJELDANDE PLANAR

For arealplanlegging vert det utarbeidd både nasjonale og regionale mål og retningslinjer. I tillegg utarbeider kommunen egne mål og retningslinjer for sin kommune. Det overordna kommunale plangrunnlaget for det aktuelle planområdet er eksisterande reguleringsplan og planleggingsprogrammet for Luster kommune.

### 3.1 Nasjonale føringar til kommunal planlegging

I § 6-1 i plan og bygningslova er det utarbeidd eit eige dokument med nasjonale forventningar til kommunal planlegging. Kapitla om kulturminneverdiar, miljøvennleg transportsystem, helse og trivsel er dei mest aktuelle for dette planarbeidet.

Kulturminne og kulturmiljø er viktig for identitet og tilknytning. Kommunane har hovudansvaret for å identifisere, verdsetje og forvalte verneverdige kulturminne i tråd med nasjonale mål.

Det er etablert ein nasjonal sykkelstrategi, nasjonal gåstrategi og ei eiga påskjønningssordning for tiltak som legg til rette for gang- og sykkelvegar. Sykkel og gange skal fremjast som transportformer. Regjeringa oppmodar fylkeskommunen og kommunane om å gjennomføre tiltak som gjer sykling og gange trygt og attraktivt.



Nærmiljøet er viktig for helse, trivsel og oppvekst. Kommunane kan bidra til auka fysisk aktivitet gjennom å gjera det mogleg for innbyggjarane å sykle og gå meir i dagleglivet, og ved å sikre god tilgang til område for leik, idrett, rekreasjon og nærfriluftsliv for både barn, unge og vakse utan bruk av bil.


I tillegg til punkta nemnt over ligg det også føringar som er klarlagt i ulike stortingsmeldingar, rikspolitiske retningslinjer og statlege planretningslinjer. Aktuelle tema i dette planarbeidet er folkehelse, oppvekst og samfunnstryggleik.

### 3.2 Lokale føringar

Gjeldande reguleringsplan for Dale sentrum er datert 25.09.1985, sist endra 05.11.2003. Planområdet for gjeldande plan vart avgrensa av Døsagrovi og fjorden. Det vart ikkje lagt opp til nye bustadtomter i planen. Men det vart mellom anna lagt til rette for ny forretningstomt, utviding av areal ved barneskulen for gymnastikksal og ny barnehage.

Planen peika på at den varierende vegstandard skapar farlege situasjonar både for gåande og køyrande. For å betre på dette vart det lagt opp til at vegen skulle utbetrast med gang- og sykkelveg mellom dei viktigaste sentrumsfunksjonane. Vegsystemet vart elles regulert om lag som eksisterande situasjon, men det vart lagt inn ny veg i bustadområde for å gje alle tomtene god vegtilknytning. Det vart lagt opp til parkeringsplassar i sentrum og småbåthamn ved Døsen.

Vidare vart det lagt opp til parkmessig opparbeiding rundt gravplassen som buffer mot forretningsområde/idrettsanlegg/barnehage. Det vart lagt inn idrettsbane og veg /turveg frå Dale kyrkje til gravplassen. Kyrkja og prestegarden har vernestatus /spesialområde og det vert vist til at ein må vise stor varsemd ved planlegging av nye anlegg eller bygningar.



Figur 2: Plan over viser del av gjeldande reguleringsplan for området. Stipla strek viser lokalisering av området for omregulering. Kart: [www.sognekart.no](http://www.sognekart.no)




## 4 DAGENS SITUASJON

Det aktuelle området det er varsla oppstart for var i utgangspunktet om lag 30 daa, området vart justert og er i dag på om lag 20 daa. Eit bustad-utbyggingsområde som var skissert på dyrka mark vart trekt ut av planen.

Området strekker seg frå Jokerbutikken /Lustrabui til Luster oppvekstsenter (1-7 klasse), ved butikken ligg også eit båthamn. Nær opp til butikken og Lustrabui ligg Dale kyrkje, men denne ligg utanfor plangrensa. Vidare mot skulen ligg nokre bustader, eit landbruksområde, gravplass og idrettsanlegg. Ved butikken og Lustrabui ligg planområdet på båe sider av Fv 55, men går delvis over til berre å ligge på nordvestsida av vegen.



Figur 3: Foto over til venstre viser naust og området regulert til spesialområde nedom vegen for Prestebustaden. Foto over til høgre viser området framfor butikken, veg ned til båthamna ved buss-skiltet. Foto: www.google.com



Figur 4: Foto over viser Lustrabui med parkeringsplass i forkant. Foto: www.google.com



Figur 5: Foto over til venstre viser muren mellom gravplassen og fylkesvegen, det er smalt for gåande mellom kvitestripa og muren. Foto over til høgre viser skulder forbi bustadhus nordaust for gravplass og overgang til gang- og sykkelveg. Foto: Torunn Løne Vinje, Luster kommune.



## 4.1 Trafikk og arealbruk

Det er delvis etablert gang- og sykkelveg langs strekka frå Jokerbutikken til Luster oppvekstsenter, men det manglar gangveg forbi gravplassen. Fylkesvegen er ikkje merka med gul stripe, men er brei nok for møtande trafikk å passere. Fartsgrensa gjennom området er 50 km/t. Vi er ikkje kjende med at det er registrert ulykker langs vegen gjennom planområdet.

Trafikken varierer gjennom året og grunna stengt fjellovergang vinterstid over Sognefjellet er det relativt liten trafikk i vinterhalvåret, men i løpet av sommarhalvåret vert trafikken opplevd som stor.

I tillegg til at det manglar heilt gangsone forbi gravplassen, er det knytt særlege trafikale utfordringar til området framfor Jokerbutikken. Her er det buss-stopp for rute- og skulebuss, her stoppar turistbussar for å vitje Dale kyrkje, og området er i tillegg parkeringsplass for butikken. Området er smalt, så manøvreringsareal er delvis ut i vegbana. Det er også varelevering til butikken på denne sida, lastebilane står ofte skrått ut i vegbana dersom bilar står parkert framfor bygget.

I tillegg til parkering framfor butikken er det ein mindre parkeringsplass ved gravplassen like ved hovudporten. Denne er også smal, om lag 8 meter frå vegkant til kyrkjegardsmur så også her er manøvreringsareal delvis ut i vegbana. Elles er det ein større offentleg parkeringsplass bak Lustrabui, og Lustrabui har sjølv ein relativt stor parkeringsplass. Ved idrettsplassen er det ein offentleg parkeringsplass, denne vert også nytta for henting og levering til barnehagen. Elles vert det parkert ved avkøyrsla til skulen.

Det har etablert seg to tilkomstpunkt til Lustrabui. Tilkomstvegen lengst aust har grusdekke, det ligg kommunale leidningar i traseen.



Figur 6: Foto viser parkeringsplass ved idrettsplassen. Foto: Hilde Ruud





Figur 7: Foto over viser parkering ved tilkomsten til skulen. Foto: Hilde Ruud

Viser til figur 1 for noverande bruk innanfor planområdet. I hovudsak er det trafikkareal, næring, bustad, landbruk, gravplass, skule og idrettsanlegg. Det er utbygd båthamn med molo og flytebrygger, omfanget av denne strekker seg utover det som ligg inne i gjeldande reguleringsplan.

## 4.2 Landskap

Norsk Institutt for Jord- og Skogkartlegging (NIJOS), no Skog og Landskap, har gjort ei inndeling av Noreg i landskapsregionar (NIJOS-rapport 10/2005). Denne delen av Luster kommune høyrer til region 15 Lågfjellet i Sør-Noreg. Regionen er kjenneteikna av store snaufjellsområde opp til 1500 moh, men også enkelte toppar med høgfjellspreg og mindre område med fjellskog. Det er store variasjonar i både landform og berggrunn innanfor regionen, her er vidder, flyer, breie U-dalar og smale V-dalar. Fjelltraktene i regionen har tradisjonelt vore brukt til jakt, fangst, fiske og annan utmarksbruk som beite og slått. Regionen har mange forskjellige kulturminne frå ulike tidsepokar.

Frå slutten av 1800-talet og fram til i dag har regionen vorte ein stor frilufsregion for det norske folk. Særleg er det mange skituristar som vert lokka til området av snøkvite vidder og påskefjell. Med sine rike vassressursar er regionen betydeleg påverka av kraftutbygging.

Langs fylkesvegen er planområdet relativt flatt, men terrenget stig jamt frå den delvis etablerte gangvegen og oppover mot fjellsidene. Overordna har området store landskapskvalitetar med nærleik til fjorden og mektige fjell i kring.

## 4.3 Naturmiljø

I Naturbasen til DN er det ikkje registrert viktige naturkvalitetar, vi har heller ikkje kjennskap til at det er registrert viktige naturtypar innanfor planområdet. Planområdet ligg ikkje registrert som viktige inngrepsfrie naturområde (INON) i miljødirektoratet sin database.

## 4.4 Kulturmiljø

Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne eller registrert kulturminne frå nyare tid innafør planområdet. I influensområdet i vest ligg Dale kyrkjestad med mellomalderkyrkje.



Figur 8. Automatisk freda kulturminne (nr) og SEFRAK-registrerte bygningar (rød trekant = meldepliktig jf. kml § 25) i plan- og influensområdet. Kjelde: [www.askaldden.ra.no](http://www.askaldden.ra.no) / Illustrasjon: Asplan Viak.

På Dale kyrkjestad (Askeladden id 84013) er det kyrkje og kyrkjegard frå mellomalderen. Eldste omtale av kyrkja er i 1306). Steinkyrkja på Heltne har rektangulært skip og smalare, nær kvadratisk kor. Det er brukt kleberkvader i veggopningar og hjørner, og truleg er den hogd i eit lokalt brot (Klebergseggi, nordaust for stølen Dale på Indre Hafslo). Portalen vest i skipet er ein praktportal med fleire recesser, søylekapiteler, rik dekor og spissboge. Sørportalen er enklare, men med rikt uthogd og lett spissa boge. På grunnlag av stiltrekk og dendrokronologiske dateringar er det rimeleg å tidfeste bygningen til 1200-1250. Muligens kan byggestarten trekkast ned mot 1180. Prestebol til Dale kyrkje er eit seint fenomen og først etter 1600 heiter det at det var prestegard til kyrkja. I første halvdel av 1800-talet blei kyrkjegarden kraftig påfylt då det var stor plassmangel. Deretter blei det i 1857 oppretta ein hjelpegravplass nordaust for prestegardshusa, og denne blei utvida i 1923, 1930 og 1964. Rundt den gamle kyrkjegarden blei det på 1960-tallet mura opp ny steingard av flate heller mot nord.

Ved kyrkjestaden frå mellomalder på Dale ligg den vedtaksfreda prestegarden (Askeladden id 87330). På prestegarden står det hovudbygning frå 1730-34 som er ombygd på 1800-talet, stabbur frå 1700-talet og lysthus frå tidleg på 1800-talet. Rest av eldre naust ligg på nedsida av fv 55 (fig. 10).





Figur 9: Foto viser Dale kyrkje og prestegarden. Foto: Hilde Ruud

På området som hørde til prestegarden på nedsida av fv 55 ligg det gamle strukturar og restar etter gamal prestegardshage. Stranda framom kyrkja var landingsplass for dei som kom med båt til kyrkja. Området har verdi som gamal landingsplass for kyrkja og prestegarden. På tomta står det eit naust. Naustet er ikkje SEFRAK-registerert og ikkje omfatta av vedtaksfredinga av Dale prestegard. Grunnmuren er i relativt dårleg stand, veggene mot køyrevegen er i betong og trekonstruksjonane ber preg av gjenbruk. Det er uvisst kor gammalt dette er, og om det opphavelige naustet hadde same plassering som naustet som står der i dag. Naustet er vurdert til å ha liten lokal verdi.



Figur 10. Rest av eldre naust står truleg der det gamle prestegardsnaustet stod. Foto: Torunn Løne Vinje, Luster kommune.

Like vest for Dale kyrkjestad ligg også gardstunet på Heltne med SEFRAK-registrert bygningsmiljø frå første del av 1800-tallet.

På Dalsøyri i aust ligg eit større kulturhistorisk bygningsmiljø frå 1700- og 1800-talet.



## 4.5 Grav- urnelund

Gravplassen i Dale vart etablert i 1857 og ligg eit stykke aust for Dale kyrkje. Gravplassen er avgrensa med buskar, tre og /eller natursteinsmur mot dei tre sidene som ikkje vender mot fylkesvegen, ein betongmur skil gravplassen og fylkesvegen.



Figur 11: Foto viser del av gravplassen. Foto: Hilde Ruud

I betongmuren er det flotte smijernsportar og på utside heng det ringar med jamne mellomrom som var for feste av hestane. Det er nokre sprekkar i betongmuren, det er usikkert kor god stand muren er.



Figur 12: Foto viser betongmur med sprekk, hesting og ein av gravplassportane. Foto: Hilde Ruud /Torunn Løne Vinje, Luster kommune



Frå foten av den nederste gravrekka til vegkant er det mellom 4.5 og 3.5 meter , sjå foto under. Det er breiast lengst i aust.



Figur 13: Foto viser del av gravplassen nærmast fylkesvegen. Foto: Hilde Ruud

Inne på kyrkjegarden er det enkel leplantning langs ytterkantane, elles er beplantning helst knytt til gravminna. Det er berre kistegraver på gravplassen, og på rekka nærmast vegen er dei fleste i hovudsak eldre graver, med unntak av ei grav som er frå 2007. Det er usikkert kor langt ned mot vegen den eldste delen av gravplassen gjekk.

På foto under til venstre ser vi skuleungar som går på den smale skuldra delvis ut i vegbana forbi gravplassen.


Gravplassen har ein liten parkeringsplass like ved hovudporten, det er om lag 8 meter frå vegkant til kyrkjegardsmur, sjå foto under til høgre. Bilane må delvis nytte køyrebana som ein del av manøvreringsarealet.




Figur 14: Ungar langs fylkesveg 55 forbi gravplassen og parkeringsplass ved gravplassen. Foto: Torunn Løne Vinje, Luster kommune /Hilde Ruud



Det interne gangvegssystemet på gravplassen leier ut på parkeringsplassen og fylkesvegen, sjå plankart/flyfoto under. På flyfoto ser vi eit gangvegssystem langs fylkesvegen på både sider av gravplassen, men at det manglar gangsone forbi gravplassen.



Figur 15: Illustrasjonen viser ein oversikt over Dale gravplass, teikna av abk, 10.09.1997.




Figur 16: Flyfoto viser gravplassen. [www.kommunekart.com](http://www.kommunekart.com)

## 4.6 Friluftsliv

Planområdet ligg ikkje inne i Fylkesatlas sitt register som viktig friluftsområde, FRIDA.

## 4.7 Grunntilhøve


Arealet er i NGU sine lausmassekart dekt av lausmassar i form av breelvavsetningar, sjå figur under.



Figur 17: NGU sitt lausmassekart, [geo.ngu.no](http://geo.ngu.no)

## 4.8 Faresonekart

NVE har utarbeidd 'Skredfarekartlegging i Luster kommune,' rapporten vart utarbeidd i 2015. Link til rapporten er: [http://publikasjoner.nve.no/rapport/2015/rapport2015\\_32.pdf](http://publikasjoner.nve.no/rapport/2015/rapport2015_32.pdf). Som ein del av arbeidet har NGI utført detaljert kartlegging av faresoner innanfor sentrale område i Luster. Eitt av områda dekker planområdet, Nes-Dale, sjå illustrasjonar under. For meir detaljar rundt skred og faresoner sjå ROS-analysen.



Figur 18: Faresonekart frå NGI sin rapport: [http://publikasjoner.nve.no/rapport/2015/rapport2015\\_32.pdf](http://publikasjoner.nve.no/rapport/2015/rapport2015_32.pdf), stipla rundingar viser kor sonene kjem inn i planområdet.

## 5 ROS-ANALYSE

Asplan Viak AS har gjennomført ROS analysen, m.a. på grunnlag av sjekklister (bruttolister). Avgrensning av aktuelle hendinger/tema vart gjort i samråd med kommunen, og i vidare arbeid vart desse nærare vurderte – med fastsetjing av risikonivå og framlegg til avbøtande tiltak.

ROS-vurderinga avdekkar ikkje tilhøve som ikkje kan avbøtast ved tiltak som er føresette i planen eller som vil bli ivaretekne i vidare prosjekteringsarbeid/anleggsgjennomføring. På mange punkt vil dei planlagde tiltaka ha ein positiv effekt.

ROS-analysen ligg vedlagt.

## 6 SKILDRING AV PLANFRAMLEGGET

Skildringa er knytt til vedlagte plankart datert 09.11.2016, med føresegner. Planen er ein detaljreguleringsplan, slik at søknadar og tiltak kan skjje direkte med heimel i planen, utan vidare detaljregulering. Det er likevel krav om situasjonsplan(ar) i samband med søknader om tiltak.

Planen legg opp til at dei trafikale løysingane i området frå Dale kyrkje til gravplassen skal utformast som ei 'Miljøgate.' Det er lagt vekt på at strekninga skal styrke bygda Luster sitt sentrumsområde og trygge tilhøva for gåande og syklistar, spesielt born sin tilkomst til skule, barnehage og andre aktivitetar. Det er elles lagt vekt på å finne gode og hensiktsmessige løysingar for utfordringane kring avkøyrslar /tilkomst, parkering, varelevering, gangveg, buss-stopp og tilgang til strandsona.

### 6.1 Planlagt arealbruk

Innanfor planområdet er det sett av areal til desse føremåla:

- Bygningar og anlegg
- Samferdsleanlegg
- Grøntstruktur
- Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsoner
- Omsynssoner
- Områdebestemmelsar

Planområdet har eit totalt areal på i underkant av 20 daa. Arealet er fordelt på dei ulike reguleringsføremåla slik tabellen under viser. Omsynssoner og områdebestemmelsar er ikkje teke med i arealoversikta. Omsynssonene synleggjer omsyn som må takast i det vidare prosjekteringsarbeidet. Omsynssonene i denne planen er friskt, ras- og skredfare og bevaring kulturminne. Av områdebestemmelsar er det i planen lagt inn anlegg- og riggområde. Anlegg- og riggområde skal sikre tilgang til areal under bygging. Einingane i arealrekneskapet under er avrunda.



Reguleringsføremål	Plannemning	Areal
<b>Bygninger og anlegg</b>		
	Bustader	0,25 daa
	Sentrumsføremål	3,80 daa
	Undervisning	1,00 daa
	Idrettsanlegg	0,25 daa
	Grav- og urnelund	0,75 daa
<b>Samferdsleanlegg</b>		
	Veg	0,60 daa
	Køyreveg	2,90 daa
	Fortau	0,60 daa
	Gang- og sykkelveg	0,60 daa
	Gangveg	0,15 daa
	Anna veggrunn – teknisk anlegg	0,50 daa
	Annan veggrunn – grøntanlegg	0,75 daa
	Kollektivhaldeplass	0,10 daa
	Parkering	1,80 daa
	Kombinert veg /gangveg	0,2 daa
<b>Grøntstruktur</b>		
	Friområde	0,45 daa
	Park	0,80 daa
<b>Bruk og vern av sjø og vassdrag, med tilhørende strandsone</b>		
	Småbåthamn	1,70 daa
	Friluftsområde i sjø og vassdrag med tilhørende strandsone	1,30 daa
<b>Sum</b>		<b>18.5 daa</b>

Figur 19: Oversikt over arealbruk og areal, areala er avrunda. Omsynssoner og områdebestemmelser er ikke med i arealoversikta.




Figur 20: Reguleringsplanen.

## 6.2 Trafikksystem

Det er etablert gangvegssystem på delar av strekka som no vert regulert, men gangvegen som er etablert er smal. På eit kortare strekk fungerer utvida skulder som gangsove og forbi gravplassen manglar det heilt gangveg. I denne planen vert det nokre justeringar på gangveglinja, men midtlina på fylkesvegen skal ikkje flyttast. Frå Jokerbutikken til og med gravplassen er gateløpet skissert møblert som ei miljøgate. På denne strekka er det lagt opp til fortau med breidde 2.5 meter inkludert kantstein, elles er det lagt inn gang- og sykkelveg med breidde 3 meter og rekkverkssone på 1 meter mellom køyreveg og gangveg.

I handbok N100 Veg og gateutforming står det at omgrepet miljøgate blir som regel brukt om hovudvegjar gjennom mindre tettstader som på ein kortare strekning blir bygd om til ei gate. Målet er å ta meir omsyn til lokalmiljøet ved å betre framkome for gåande og syklende, betre parkeringstilhøve, betre trafikktryggleik og bidra til ein trivelegare tettstad. I Handbok N100 står det vidare at blanding av trafikkgrupper tilseier at fartsgrensa i ei miljøgate bør vera mellom 30 og 40 km/t.

For å bidra til at bilistane held låg fart, bør strekninga i ei slik gate ikkje vera lenger enn 500-800 meter. Planlagt strekning i Dale sentrum er på om lag 250 meter. Det vert tilrådd ei smal køyrebane (5,5 – 6,5 meter) avgrensa av kantstein. Gjennom Dale sentrum er det lagt opp til vegbredde på 6,25 meter med fortau /gang-sykkelveg på eine sida som illustrasjon under viser. For veg gjennom Dale sentrum er det valt dimensjoneringsklasse Sa2 (alternativ 1), N100, men tilpassa planlagt situasjon gjennom Dale sentrum.



Figur 21: Tverrprofil Sa2 (alternativ 1), mal henta frå SVV si handbok N100, men tilpassa planlagt situasjon gjennom Dale sentrum.

Med køyrebredde mindre enn 6,5 meter er det ikkje strengt naudsynt med fartshumpar for å halde farten nede (N100). Men planen legg likevel opp til eit opphøga overgangsfelt mellom butikken og Lustrabui. Gjennom Dale sentrum er det, som vist på illustrasjonsplanen, skissert at ein også kan nytt andre element som til dømes rennesteinsfelt, belysning, gatemøbler, tre og busker for å skape eit gatemiljø der trafikanten sin naturlege fart er omkring 40 km/t. Ved å bruke rennesteinsfelt blir den visuelle effekten at vegen smalare og bidrar dermed til at bilisten på ein naturleg måte held farten nede.

I utforming av sentrums- og tettstadane våre til miljøgater, er det viktig å skilje mellom kva som kjenneteiknar ei gate og ein veg. Ei gate vert i SVV si handbok N100 kjenneteikna ved at husa ligg langs ei fast byggeline og dannar veggjar i gaterommet. Trerekker, tette hekkar, murar og gjerde kan også fungere som veggjar. Plassar og parkar høyrer også til i eit gatenett, slik at det langs ei gate kan vera opne parti. I fylgje N100 ligg vegar i meir visuelt opne landskap. Bygningane langs ein veg ligg normalt ikkje tett nok eller nær nok til å danne visuelt avgrensa rom.

Langs den aktuelle strekninga i Dale sentrum ligg det kvalitetar i bygningsstrukturen både med tanke på innhald og plassering, som vil bidra positivt til å kunne oppnå strukturar som gjer at vegen blir ei gate. Det er likevel ikkje tett nok bygningsstruktur til at dette åleine vil danne eit gateløp. Det er difor i tillegg illustrert rennesteinsfelt, ulike typar tre og hekkar, mur og belysning som forsterkar strekninga som gate. Element som dannar ei gate er samanfallande med fartsreducerande tiltak.

Avkøyrslar vert som i dag, med nokre unntak. Avkøyrsla opp mot bedehuset aust for Lustrabui er foreslått stengt for biltrafikk. Bedehuset får avkøyrsla frå parkeringsplass nordvest for Lustrabui, og eigedom 44/1/3 får ny avkøyrsla frå busshaldeplass i aust.





Figur 22: Tilkomst opp mot bedehuset er foreslått stengt. Bedehuset får tilkomst via parkeringsplass bak Lustrabui, bustad får tilkomst via SKV2. Foto: [www.google.com](http://www.google.com)

Dagens situasjon med stopp av bussar ved Jokerbutikken gjev store trafikale utfordringar og farlege situasjonar. Planen legg opp til ny stopp-plass for bussar innanfor SKV2, sør for gravplassen, området er i gjeldande reguleringsplan regulert til forretningstomt. Plassen er delt i to der den øvre delen er sett av til plass for to turistbussar. Plassen skal fyrst og fremst fungere for turistbussar med korte stopp for vitjing av Dale kyrkje. Den nedre del av plassen er sett av til lokal- og skulebuss, her er regulert plass til påstigningsrampe og ev. eit mindre buss-skur.

Ved inn og utkøyring er det lagt opp til at buss skal nytte køyremønster B (N100), med unntak av utkøyring av buss mot Gaupne, i denne situasjonen vert det køyremønster C, der ein nyttar heile vegbreidda i fylkesvegen. Her vert fylkesvegen for smal til at det er plass til køyremåte B. Med bakgrunn i at det er god sikt på strekka, er det vurdert slik at køyremåte C her er akseptabelt. Det er ikkje ynskjeleg å lage større svingradier då avkøyrslene fort kan bli utflytande og vi får større inngrep mot bustadeigedom. Det er lagt opp til einvegskøyning frå aust mot vest til plass for turistbuss og kollektivhaldeplassen.

Ved etablering av fortau forbi gravplassen blir det ikkje lenger tillate å parkere på dagens parkeringsplass ved gravplassen. Det er foreslått parkeringsplass for gravplassen innanfor SPA2. Målsetjinga for organiseringa innanfor SKV2 er at lokalbuss ikkje på nokon måte skal bli hindra i sitt køyremønster av parkerte turistbussar eller bilar.

Statens vegvesen viser til at dei har sett krav om permanent rabatt mellom fylkesveg 55 og plassen framfor Jokerbutikken. I planen er det skissert slik rabatt. Med denne løysinga vil plassen framfor inngangen til butikken bli prioritert til gåande /syklende, og vestre del av plassen vil bli prioritert for varelevering. Løysinga gjer at det ikkje skal vera trong for

lastebilar å står på skrå ut i vegen, men heller svakt skrått ut frå bygget. Rabattane vil tvinge lastebil ut av vegbana.

Med rabatt er det ikkje lenger plass til parkering mellom vegkant og butikk, men det er lagt opp til 1 HC-parkering langs fasaden til bygget nær inngangen. I tillegg er det etablert inntil 6 plassar på gamal prestehage sør for bygget. Dei 6 parkeringsplassane ligg på område regulert til offentleg parkeringsplass, men er i planen forbeholdt butikken i butikken sine opningstider. Det er viktig for butikken med parkeringsplassar relativt nær inngangen. Parkering elles må skje innanfor eiga tomt, til dømes nedom bygget samlokalisert med parkering til båthamna. Frå parkeringa på nedsida av bygget er det på illustrasjonsplanen skissert ei trapp opp langs nordsida av bygget slik at ein kan gå utanfor trafikkert sone til butikken sin hovudinngang. Terreng frå parkeringsplass, SPA4, mot friområde skal utformast på ein tiltalende måte. Eventuell mur skal, som nabo til friområde med historiske kvalitetar, ha høg standard.

Offentlege parkeringsplassar er elles regulert som i gjeldane plan. I butikken sine opningstider vert det føresett at brukarar av friområdet skal nytte parkeringsplass bakom Lustrabui. På illustrasjonsplanen er det lagt opp til 3-4 p-plassar ved tilkomsten til skulen, denne er ikkje regulert som parkeringsplass, men er ein del av BU.

Tilkomst til Lustrabui og Bringebakkane er regulert som kryss med siktkrav 6m x 60 m. Dei andre tilkomstane innanfor planen er regulert som avkøyrslar med siktkrav 4m x 50m. Siktkrav i høve fortau /gang- og sykkelveg er i alle tilkomstane 3m x 30m.

Ved utkøyning frå SV2, nordaust for gravplassen, ligg mur/hekk/gjerde innanfor siktlinja og hindrar tilfredsstillande sikt. Naust ved regulert friområde står i siktsona for utkøyning frå butikk /båthamn, men planen legg opp til at nauset skal rivast. Siktsoner for utkøyning frå butikkplassen gjer at ein ikkje kan parkere på innsida av rabattane.

På reguleringsplanen er 'køyreveg' definert som køyreareal der grøft er skilt ut som eige føremål og 'veg' er definert som mindre sidevegar der grøfteareal er ein del av vegføremålet.

### 6.3 Overvasshandtering

Generelt skal overflatevatn i størst mogleg grad handterast lokalt. Det skal vurderast type overflater, permeable eller tette overflater. Det skal ikkje etablerast større flater med tett overflate enn strengt naudsynt.

### 6.4 Universell utforming

Universell utforming er eit sentralt tema i all planlegging. Prinsippet om universell utforming skal leggjast til grunn ved utbygging og utbetring av vegar og gater. Universell utforming inneber utforming eller tilrettelegging av veg- og gatesystemet slik at det kan brukast av alle i så stor utstrekning som mogleg (N100).

I tillegg til at universell utforming gjeld trafikkanlegget, gjeld det også i planen generelt, som tilkomst til butikkar, gravplass, friområde, HC-parkering knytt til bygg med meir. Alle bustadeiningar skal planleggjast og byggjast med universell utforming. Utearealet skal vera tilgjengeleg og kopling til vegnettet i kring skal vera universelt utforma.

## 6.5 Bygningar og anlegg

Når det gjeld bustadområda er det lagt inn i føresegnene at områda skal nyttast til frittliggjande småhusbusetnad med tilhøyrande anlegg. Areal inngår i arealberekning i gjeldande Reguleringsplan for Dale sentrum datert 25.09.1985, sist endra 05.11.2003 (FUP 0053/03), og føresegner frå denne vert vidareført.

Område regulert til sentrumsføremål skal nyttast til forretning, tenesteyting, bustader, kontor, hotell /overnatting og bevertning, med naudsynt grøntareal og parkering.

Bygg og anlegg skal tilfredsstillende rimelege estetiske omsyn både i seg sjølv og i høve til omgjevningane. Byggverk skal ha arkitektonisk kvalitet. I dette ligg det at det skal vera kvalitet både teknisk, funksjonelt og visuelt. Det er krav i føresegnene at bygg innanfor planområdet skal utformast slik at dei også tar omsyn til og tilfører området kvalitetar. Ei utbygging skal gje kvalitetar til gatenettet som miljøgate, området generelt og ta omsyn til at planområdet er nær nabo til Dale kyrkje og mellomalderkyrkjegarden.

## 6.6 Grav- og urnelund

Planen legg opp til å flytte kyrkjegardsmuren inn, slik at det blir plass til eit fortau mellom skulder veg og ny mur. Det er lagt opp til ny natursteinsmur med høg kvalitet. Ny mur skal i form og farge harmonere med mur elles på gravplassen og kyrkjegarden. Smijernsportane og hesteringane i dagens mur skal vidareførast til ny situasjon.

Ved nyregulering av kistegraver skal dei i utgangspunktet vera 3 meter lange inkludert gravstøtta, men det vil det ikkje vera rom for å gjennomføre i denne reguleringsplanen. Planen dekkjer berre ein liten del av gravplassen nedst mot fylkesvegen. Det er lagt opp til at gravrekkene skal ligge som i dag, med unntak av nedste rekka som i framtida skal nyttast som urnegraver. Gravene i denne rekka er for det meste eldre graver, med unntak av ei grav som er frå 2007. Kommunen har hatt kontakt med festarane av den nedste rada. Korleis ein skal handtere denne og dei andre gravene i rekka må takast opp med festar (-ane) og vurderast nøye i det vidare planarbeidet.

Grunnen til at det er førestlått urnegraver er at det på det meste berre er om lag 1 meter frå ny murfot til eksisterande gravfelt. Arbeidet med muren må skje skånsamt. Arbeidet med å rive eksisterande mur og arbeidet med ny mur skal skje frå utsida av gravplassen, det skal ikkje nyttast store maskiner og det skal ikkje vera lager av jord /stein inne på gravplassen. Ved å etabler urnegraver får vi gjennomført bygging av fortau utan at ein må sanere graver, gravstøttene kan stå og ev. nyttast vidare.

## 6.7 Grøntstruktur

Det skal opparbeidast park mellom kyrkjegardsmuren og områda vest for denne, samt i rabatt som vert danna av rundkøyring for buss. Området er ein del av miljøgata.

For området sett av til friområde sør for butikken, GF, kan det leggjast til rette for offentleg tilgjenge gjennom etablering av sti og badeplass. Det kan etablerast samlingsplass med sitteplassar, bord og enkle installasjonar. Det kan etablerast tilkomst til butikk /båthamn. Området skal likevel ha preg av naturleg strandområde og strukturane som er igjen frå den gong området var ein del av prestegardshagen skal takast i vare. Tiltak innafor området skal godkjennast av kommunen.

## 6.8 Friluftsområde i sjø med tilhøyrande strandsone og småbåthamn

For småbåthamna (VS) er det ikkje planlagt utviding i høve eksisterande situasjon. I illustrasjonsplanen er det vist at området kan vidareutviklast med mur som avgrensing av fylling slik at det blir plass i BS3 til ein parkeringsplass som både kan nyttast for gjester i båthamna og til butikken.

I sjøområde som i kommuneplanen er sett av til låsetting av fisk, rett utanfor planområdet, har tradisjonelt fiske prioritet før andre aktivitetar. I småbåthamna skal det setjast opp skilt med informasjon om reglane som gjeld ferdslø i nærleiken av fisk som står i steng.

## 6.9 Byggegrense og omsynssoner m.m

Generelt gjeld byggegrense 15 meter frå senter fylkesveg og 8 meter frå senter kommunal veg. For BS2 gjeld i denne planen 6 m frå senter veg Bringebakkane, og for BS1 gjeld 6 m frå senter tilkomstveg.

Sona som syner ras- og skredutsett areal er i samsvar med faresonekart utarbeidd av NGI. Ved melding eller søknad om gjennomføring av tiltak, skal det klargjerast kva som vert gjennomført for å sikre tilfredstillande tryggleik.

Området merka med bevaring kulturmiljø høyrer opphaveleg til prestebustaden. I planen er det lagt opp til at området skal fungere som friområde, med unntak av areal sett av til parkering. Friområdet kan opparbeidast på ein tiltalende /parkmessig måte, men strandsona og området elles skal framstå som naturleg. Kvalitetar kring at dette var landingsplassen for kyrkjefolk skal takast vare på. Det står eit naust på tomte i dag, dette er planlagt rive. Det er lagt opp til å etablere parkeringsplassar m.a. på arealet naustet stod på. Terrenget frå p-plassane til friområdet skal utformast på ein tiltalende måte.

Anlegg- og riggområde er areal som kan brukast mellombels i samband med gjennomføring av tiltaka.

## 7 VERKNADAR AV PLANFRAMLEGGET

I det vidare arbeidet med planen har det ikkje kome fram informasjon om alarmerande tilhøve kring konsekvensar av, eller ROS- tilhøve knytt til, området eller til planlagd arealbruk.

Når det gjeld verknadar av planframlegget, vil me kommentera fylgjande:

### 7.1 Landskap

Området er vurdert til å ha visuelle kvalitetar som er typiske eller vanleg gode visuelle kvalitetar for distriktet. Området er delvis flatt og delvis skrånande, med god bearbeiding mot tilgrensande terreng vil ein kunne få til ei utbygging som ligg godt i terrenget. Planområdet har ei lokalisering som gjer at tiltak som planen skal legge til rette for ikkje vil påverke storskalalandskapet. Planområdet er ikkje sårbar for inngrep, og planen fører ikkje til nye konsekvensar for landskap.

Planen legg i hovudsak til rette for etablering av fortau /gang- og sykkelveg. Det er delvis etablert gangveg i dag på delar av strekka. Endringa vert fyrst og fremst forbi gravplassen. Her vert kyrkjemur flytta inn, men hovudstrukturen blir som i dag.

Området kan sjåast frå avstand, men planlagt utbygging gjer ikkje at fjernverknaden av utbygginga vil framstå som markert og som ei stor endring i landskapet. Utbygginga ligg ikkje på eit markert høgdedrag eller i landskapssilhuett. Utbygging av området BS1 vil vera mest merkbar då denne tomte ikkje er utbygd i dag, men regulering er i samsvar med gjeldande plan. Eit nytt bygg på BS1 vil kunne tilføre området positive kvalitetar og forsterke eller tydeleggjera Dale sentrum.

Nærverknaden av utbygginga vil fyrst og fremst vera knytt opp til endra naboskap for dei kringliggjande eigedommane. Det er ingen bustadhus som nabo nord for nytt område regulert til sentrumsføremål.

## 7.2 Naturverdiar

Innanfor planområdet er det ikkje gjort registreringar i Naturbasen til Miljøverndepartementet. Planområdet er i hovudsak trafikkareal eller opparbeidd grasareal, grusareal eller landbruksareal. Planen fører ikkje til nye konsekvensar for naturverdiene i området.

## 7.3 Kulturmiljø

Dei automatisk freda kulturminna (Dale kyrkjestad) og den vedtaksfreda prestegarden som ligg i influensområdet blir ikkje råka av direkte inngrep som fylgje av planen.

Kulturminnelokalitetane ligg utanfor planområdet, men er sårbare i høve til endringar i omgjevnadane. Tiltaka i planen er vurdert til ikkje å ha negativ innverknad på kyrkjestaden og prestegarden. Ei visuell oppgradering i området er vurdert til å ha positiv innverknad på Dale kyrkje og kulturminna i omgjevnadene til kyrkjestaden.

Naustet (ikkje SEFRAK-registrert) som ligg nedanfor fv 55 ved Dale kyrkje vil bli rive for å gje plass til parkeringsplassar. Samla er tiltaket vurdert til ikkje å ha negativ innverknad på kulturminneverdiene i området. Tiltaket vil gje eit meir ope område mellom kyrkja/prestegarden og fjorden.

Tiltak i planen vil ikkje ha visuell innverknad på kulturmiljøet frå nyare tid på Dalsøyri (Vodlen).

## 7.4 Nærmiljø og friluftsliv

Søk i databasar gjev ingen treff på registrerte viktige nærmiljø- /friluftskvalitetar innanfor planområdet, men viktige nærmiljøanlegg som idrettsanlegg, barnehage og skulen er innanfor eller i influensområdet til planområdet. Med samanhengande gangvegsystem /fortau frå skulen til Lustrabui/ Jokerbutikken vil planen føre til betre tilgjenge mellom butikkane, buområda og idrettsanlegg /skule. I tillegg vil tilgang til friområde med tilhøyrande strandsone på nedsida av fv 55 ved prestebustaden føre til betre allmenn tilgang til sjøen.

Tiltaket vil ha positiv konsekvens for nærmiljø og friluftsliv.

## 7.5 Grav- og urnelund

Med ei skånsam gjennomføring og omgjerung av neste gravrekke til urnegraver, er det vurdert slik at fordelane med ein tygg gangveg er så stor at summen av tiltaket vert å sjå på som positive.

Overordna vil tiltaket ha positiv konsekvens for grav- og urnelund då det interne gangvegssystemet vert kopla til eit fortau og gangsamband til både butikk /Lustrabui og til skule og idrettsområde. Mur mot fylkesvegen blir oppgradert og parkeringsplassar vert tilrettelagt utan bruk av fylkesveg 55 som manøvreringsareal.

Frisikt frå veg, SV 2, gjer at ein må vurdere plassering og høgde av mur/vegetasjon i avkøyrsløp. Det er lite trafikk på SV2, men eventuelle tiltak må vurderast. SV2 er ein grusveg som vidare oppover i gjeldande reguleringsplan er regulert til landbruksområde og fungerer som tilkomst til driftsbygg på gravplassen, dyrka mark og bustad.

## 7.6 Naturmangfaldslova

Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i rimeleg forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfaldet.

Planområdet er om lag 20 daa. Det meste av dette området er asfaltert, grusa eller omarbeidd dyrka mark, grasbakke /plen. Innafor planen er det ei strandsone på om lag 35-40 meter, denne er knytt opp til eit område med delvis opparbeidd grasareal.

Søk i databasar gjev ingen treff på kjente verdiar innanfor planområdet.

## 8 INNKOMNE MERKNADER TIL MELDING OM OPPSTART

Det er halde oppstartsmøte med kommunen, 04.02.2016. Arbeidet vart varsla i samband med utlegging av planprogram.

Frist for å koma med merknader var sett til 30.07.2011.

Det kom inn 7 merknader til gjeldande planområde. Ein merknad kom inn etter fristen, men merknaden er likevel tatt med som ein del av innspela til planarbeidet.

### **Fiskeridirektoratet, brev datert 16.09.2011**

Fiskeridirektoratet region Vest si interesse i planarbeidet er hovudsakleg å ta vare på fiskeri- og akvakulturinteressene i området ved å sjå til at utbygging i strandsona ikkje er til hinder for akvakulturanlegg, kaste- og låssettingsplassar og at viktige marinbiologiske ressursområder som gytefelt vert tekne var på.

Fiskeridirektoratet ber om at følgjande føresegn vert lagt inn i føresegnene til planen: 'I sjøområde som i kommuneplanen er sett av til låssetting av fisk, har tradisjonelt fiske prioritet før andre aktivitetar.' Det vert også omtalt at det bør settast opp skilt i småbåthamna med informasjon om reglane som gjeld ferdsløp i nærleikane av fisk som står i steng. Det vert elles vist til § 27. Lås- og stengsetjing.

*Vurdering: Innspelet er tatt til orientering. Planen legg ikkje opp til arbeid i strandsona. Småbåthamna er utvida i høve gjeldande reguleringsplan, men ikkje i høve dagens situasjon. Endring tilpassar føremålet faktisk situasjon. Ein kjem ikkje i konflikt med kaste- og låssettingsplassar eller gytefelt. Areal til låssetting blir ikkje rørt. Foreslåtte føresegn vert lagt inn i føresengene til planen. Det vert også stilt krav om at det skal setjast opp skilt med informasjon om reglane som gjeld ferdsløp i nærleiken av fisk som står i steng.*



**ABO arkitekter på vegne av opplysningsvesenets fond (OVF), brev datert 08.09.2011**

Viser til at ut frå planområdet som det er varsla oppstart av, er mindre del av Luster Prestegard gnr. 44 bnr.1 innlemma i planområdet. Prestebustad, lysthus og stabbur på eigedommen er freda. Dersom det er tiltak som kan påverke prestegarden og tilhøyrande eigedom vert det bede om at det på eit tidleg tidspunkt vert teke kontakt med OVF for avklaring av arealbruk. Det vert gjort merksam på at kommunen ikkje kan ta i bruk areal eigd av OVF, utan at arealet først er erverva. OVF har ut over ovannemnde, ingen merknader til planen.

*Vurdering: Innspelet er tatt til orientering. Del av Prestegard som ligg på oppsida av Fv. 55 er teke ut av planområdet. Området på nedsida av fylkesvegen er foreslått regulert til friområde. Kommunen har vore i kontakt med OVF angående denne saka, det er oppretta dialog. Naust som står oppå gamle naustmurar skal rivast, men murane skal takast vare på om mogleg.*

**Sogn- og Fjordane fylkeskommune, brev datert 15.09.2011 og 22.05.2012**

Kulturavdelinga: Varsel om arkeologiske utgravingar.

*Vurdering: I brev frå kulturavdelinga hjå FM datert 12.12.2012 blir det vist til at det aktuelle området er undersøkt og at det ikkje vert påvist kulturminner i konflikt med planen. Kulturavdelinga har såleis ingen merknader til planen.*

**Fylkesmannen i Sogn og Fjordane:**

Miljøvernavdelinga: Minner om at planen skal gjera greie for verknadane planen vil kunne få for ulike interesser og omsyn (jf. pbl. §4-2). Aktuelle tema er grøntstruktur, nærleikeplass for barn, fare for spreining av miljøgifter. Naturmangfaldlova må innarbeidast i planomtala.

*Vurdering: Plangrensa er redusert i høve opphøveleg varsling, bustadfelt er ikkje lenger ein del av planen. Småbåthamna skal ikkje fysisk utvidast, det skal regulerast i høve dagens situasjon. Innspel er vurdert og teke omsyn til i det vidare planarbeidet.*

Beredskapseininga: Minner om at det vert gjort eit systematisk arbeid for å få oversikt over risiko og sårbarheit. Eventuelle funn og tilrådingar frå analysa skal følgjast opp og innarbeidast i planen. Minner elles om at ei sjekklister åleine ikkje er å sjå på som ei ROS-analyse.

*Vurdering: Innspelet er tatt til orientering.*

Landbruksavdelinga: Gang- og sykkelveg er å sjå på som samfunnsnyttige tiltak, og landbruksavdelinga har difor ingen avgjerande merknader til arealbruken. Dei vil likevel oppmode om at det i planarbeidet vert vurdert løysingar som reduserer inngrepa i dyrka jord langs med vengen. Tilrår såleis å fråvike standardkravet i vegnormalen om tre meter avstand mellom bilveg og gang- og sykkelveg, ved å bruke rekkverk i staden for brei midtrabatt.

Landbruksavdelinga varslar at dei vil måtte reise motsegn dersom det vert vedteke å gå vidare med planane om omdisponering av fulldyrka jord til bustadføre mål.

*Vurdering: Innspelet er tatt til orientering. Bustadområdet er tatt ut av planen.*

**Riksantikvaren, brev datert 06.10.2011**

I Dale sentrum ligg Dale kyrkjestad med kyrkje og kyrkjegard frå mellomalderen. Dale kyrkjestad ligg like utanfor grensa til planområdet.

Kyrkjene hadde gjerne ein sentral plassering i landskapet og var ofte eit landemerke. Dei var eit identitetssymbol i lokalsamfunnet og fungerte som samlingsplass. Nær kyrkjene er det difor gjerne kulturminne frå ulike tidsperiodar. Dei automatisk freda kulturminna er svært sårbare, ikkje berre i høve inngrep, men også i høve til endringar i omgjevnadane. Forbodet mot skjemming av automatisk freda kulturminne står derfor sterkt i lovverket, jf. kulturminnelovens §3. Spørsmålet om utilbørlig skjemming vil først kunne handsamast når det endelege forslaget til reguleringsplan med reguleringsføre mål og – føresegner og planprogram føreligg.

Det er regional kulturminnemyndigheit i Sogn og Fjordane fylkeskommune som koordinerer innspel om kulturminneverdiane som vert rørte av planen. Riksantikvaren vil derfor forholde seg til fylkeskommunen i den vidare handsaminga av denne reguleringsplanen.

*Vurdering: Innspelet er tatt til orientering. Innanfor planområdet er intensjonen mellom anna å rydde opp i uklare trafikale tilhøve og sikre tilhøva til dei mjuke trafikantane og syklistar. Konsekvensane for Dale kyrkje vert vurdert til å vere ei visuell oppgradering av området kring Dale kyrkje.*

#### **Ingeborg Eide, brev datert 01.06.2011**

Eide vil peike på at ei utviding av riksvegen mot sjøsida vil forringa verdien av hennar eigedom i vesentleg grad, jamfør meir trafikkstøy, auka trafikkfare osv.

*Vurdering: Gjennom arbeidet med planen er det vurdert slik at den beste løysinga for å få til eit samanhengande fortau på oppsida av vegen er å flytte inn muren ved gravplassen. Det blir difor ikkje lagt inn utviding av riksvegen mot sjøsida.*

#### **Leidulf Næss, 08.08.2011**

Næss ynskjer at reguleringsgrensa blir flytt 15-20 meter nordaust ved båthamna slik at han kan byggje ein mindre molo, omlag 8-10 m, framfor sin eigedom (gnr/bnr 46/1).

*Vurdering: Det vert ikkje lagt opp til utviding av plangrense. Kommunen ynskjer ikkje ytterlegare utbygging i strandsona, men ev. at ein nyttar seg av båthamna.*

#### **Knut Arne Furås, telefon 07.03.2016**

Det er ny eigar av eigedom med gbnr 44/1/3, tilkomst har vore via tomta til bedehuset. Det er ynskjeleg med eigen tilkomst frå aust.

*Vurdering: Det er lagt opp til ny tilkomst til eigdommen via busslomme /-oppstilling. Tilkomst kan flyttast for tilpassing til faktisk /planlagt situasjon internt på tomta.*



## 9 AVSLUTTANDE KOMMENTAR

Reguleringsplanforslaget omfattar i hovudsak etablering av fortau /gang- og sykkelveg, etablering av busshaldeplass og nye parkeringsplassar. Planen legg også til rette for nye gang samband og allmenn tilgang til strandsona.

Ein kan på bakgrunn av vurderingar over ikkje sjå at planframlegget har vesentlege negative konsekvensar, men heller vera med på å utvikle området som kjem kommunen sine innbyggjarar til gode. Området vil stå fram som eit oppgradert og tilrettelagt sentrumsområde både for dei som bur i Dale og for tilreisande.

ROS-analyse eller konsekvensar av planframlegget har ikkje avdekt tilhøve som tilseier at tiltaket ikkje kan gjennomførast.

## 10 KJELDER

### Skriftlege kjelder og nettstader:

NIBIO Nasjonalt referansesystem for landskap, Skog og landskap.

Miljødirektoratet, naturbasen.no

Fylkesatlas.no

NGU sitt lausmassekart, geo.ngu.no

Handbok N100; Veg- og gateutforming. Statens vegvesen.

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Kartgrunnlag er henta frå [www.kommunekart.com](http://www.kommunekart.com)

### Foto:

Kven som har teke bileta som er nytta i planomtala står under kvart enkelt bilete. Nokre bilete er henta frå [www.google.com](http://www.google.com)

## 11 VEDLEGG

- **Vedlegg 1:** Reguleringsplan
- **Vedlegg 2:** Illustrasjonsplan
- **Vedlegg 3:** Føresegner
- **Vedlegg 4:** ROS-analyse
- **Vedlegg 5:** Veg- plan og profil
- **Vedlegg 6:** Brev frå SVV